**MIDSUND KOMMUNE**
Sentraladministrasjonen

FINANSDEPARTEMENTET
04. OKT. 2004
Saksnr. 04/1847-272
Arkivnr.

MELDING OM VEDTAK

Det Kongelige Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

| Dykkar ref: | Vår ref: | Dato: |
|---|---|---|
| | 04/00438-2/02 /SEN-SEN-ARS | 01.10.04 |

## Særutskrift: Høyring skatteoppkrevjarfunksjonen

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

***Vedtak i Kommunestyret - 30.09.04:***
*Midsund kommune meiner at skatteinnkrevjinga fortsatt bør vere ei kommunal oppgåve.*

*Grunngjeving:*

- *Den kommunale modellen inneber meir nærleik og kontakt med skattytaren. Det gir betre moglegheit for samarbeid oppkrevjar/skyldnar om korleis restansen skal betalast. Dette gjer eit smidig og godt innfordringsklima, betre rettstryggleik (spesielt for eldre) og det beste resultatet på både kort og lang sikt.*

- *Betre rettstryggleik med eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skille mellom fastsetjing og innkrevjing.*

- *Dagens ordning er velfungerande – med god løysningsgrad, god brukerservice og godt samarbeid mellom skatteoppkrevjar og skattefogd. Utvalet sitt arbeid viser at det er rom for forbetringar innanfor fortsatt kommunal organisering. Det er ikkje utreda kva ein statleg modell vil medføre av kostnader, problem og provenytap.*

- *Dagens ordning sikrar folkevalt innsyn og kontroll med skatteinnkrevjinga. Den er og eit viktig bidrag til at dei mindre kommunene kan oppretthalde levedyktige innkrevjingsmiljø som ivaretek innkrevjing av både skatt, kommunale avgifter og kommunal fakturering.*

Med helsing

Arna Drønnesund
Arna Drønnesund
Sekr.

| Postadresse: | Telefon: | Telefaks: | Mail: |
|---|---|---|---|
| 6475 MIDSUND | 71 27 05 00 | 71 27 05 01 | Postmottak@midsund.kommune.no |